



UiT Norgga árktaš universitehta

Om frisisk språk

Frisalaš giela birra

Årsmøte i Samisk faglitterær forfatter- og
oversetterforening

*Sámi fágagirjjálaš čálliid- ja jorgaleaddjiidsearvvi
jahkečoahkkin*


August / borgemánu 10. b., 2024

Øystein A. Vangsnes

UiT Noregs arktiske universitet & Høgskulen på Vestlandet
Senter for språk, hjerne og læring (C-LaBL)







Jens Andreas **Friis** (1821–1896)

- ein av grunnleggjarane av samisk språkvitskap
- professor i «lappisk og finsk» ved Det Kongelige Fredriks Universitet i 1866
- særleg kjend for Ethnografisk Kart over Finnmarken
- og for romanen Lajla (1881)

Frisisk språk i dag

- Vestfrisisk (NL):
ca. 450.000 talarar
- Aust-/Saterfrisisk (DE):
ca. 2000 talarar
- Nordfrisisk (DE):
ca. 10.000 talarar
- Varietetane er *ikkje*
gjensidig forståelege



Litt historie

- Ved starten av vår tidsrekning budde det fleire ulike germanske stammar i området frå Zuiderzee til Jylland: frisarar, anglarar, saksarar, chaukarar.
- Dei hadde eit felles kulturgrunnlag og kan ikkje skiljast frå kvarandre på arkeologisk grunnlag.
- Ei frisisk samfunnsordning vaks fram og varte til år 734 (slaget ved Boarn).
- Frankisk maktovertaking (Karl den Store)
- Dagens områdenemning Frisland/ Fryslân stammar frå 1200-talet.



Litt språkhistorie

- Germanske stammar frå kontinentet invaderte dagens England på 400-500-talet.
- Angelsaksisk, eller gammalengelsk, vaks fram som det germanske språket i England.
- Gammalfrisisk (800-1600) og gammalengelsk (600–1066) er svært nærstående språklege varietetar
- I tradisjonell språkhistorisk forstand er frisisk nærmast beslekta med engelsk innanfor den germanske gruppa.



Nokre døme på engelsk-frisiske samband

	Engelsk	Vestfrisisk	Nederlandsk	Tysk
'oss'	us	ús	ons	uns
'gås'	goose	goes	gans	Gans
'ost'	cheese	tsiis	kaas	Käse
'dag'	day	dei	dag	Tag
'regn'	rain	rein	regen	Regen
'ha'	have	hawwe	hebben	haben
'øyre'	ear	ear	oor	Ohr
'brød'	bread	brea	brood	Brot

Men mykje har skjedd sidan jernalderen ...

- Gammalengelsk vart etter 1066 sterkt påverka av (normannisk) fransk, særleg i ordforrådet.
- Fleire hundre år med påverknad frå frankiske varietetar av germansk (=nederlandsk) gjer at vestfrisisk i dag funksjonelt sett er nærmare nederlandsk enn engelsk.
- Nord- og austfrisisk er på si side vortne påverka av nedersaksisk (lågtysk), og brotet mellom varietetane går fleire hundre år tilbake i tid.



Avstanden mellom (vest)frisisk og nederlandsk


Wylst (hast) *elkenien* goed Nederlânsk ferstean, *prate*, lêze en skriuwe *kin*, is de trochsneed taalfeardigens yn it Frysk leger, sels ûnder memmetaalsprekkers (*benammen* yn it lêzen en it skriuwen).

Terwijl (bijna) *iedereen* goed Nederlands *kan* verstaan, *spreken*, lezen en schrijven, is de doorsnee taalvaardigheid in het Fries lager, zelfs onder moedertaalsprekers (*vooral* in het lezen en schrijven).

'While (almost) everyone can understand, speak, read and write Dutch well, the average language proficiency in Frisian is lower, even among native speakers (especially in reading and writing).'


Vestfrisiske hovuddialektar

- Klaaifrysk ('leirefrisisk')
- Wâldfrysk ('skogsfrisisk')
- Súdwesthoeksk ('sørvesthjørnemål')
- Stedsk/Stadfries ('byfrisisk' = nederlandsk med frisisk preg)
- Bildts (nederlandsk koinê, blandingsdialekt)



Lovgivning

- Frisisk er anerkjent av Nederland på nivå III etter Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. Tilsvarende er også nord- og austfrisisk anerkjent av Tyskland på nivå III.
- Nederland anerkjenner frisarane som ein nasjonal minoritet under Europarådets rammekonvensjon for nasjonale minoritetar.
- I provinsen Fryslân er frisisk juridisk likestilt med nederlandsk sidan 2014 etter *Lov om bruk av frisisk språk* ('Wet gebruik Friese taal').



Frisisk målreising: Kneppelfreed



- Kneppelfreed ('køllefredagen') 16. november 1951: Politiet brukte køller og vasskanonar på ei samling demonstrantar, nyfikne og journalistar utanfor rettsbygninga i Ljouwert under rettsaka mot journalisten Fredde Schurer som hadde kritisert ein dommar som i ei anna rettsak ikkje hadde godteke at den tiltalte berre ville snakka frisisk og ikkje nederlandsk.
- Politiaksjonen vakte stor forarging i heile Nederland og leidde etter kvart til ein lovfesta rett til å bruka frisisk i skulen i 1955 og i rettssystemet i 1956.

Seinare språkpolitiske milepålar



1959 – Frisiske radiosendingar

1970 – Frisisk blir anerkjent som eit andre riksspråk i Nederland

1980 – Obligatorisk frisiskopplæring i barneskulen

1985 – Provinsen Fryslân vedtek ein plan for styrking av frisisk overfor nederlandsk

1993 – Frisiskopplæring blir obligatorisk i «framhaldsskulen».

1995 – Frisisk blir offisielt språk ved sidan av nederlandsk.

2014 – Lov om bruk av frisisk språk og ansvaret for frisiskopplæring blir delegert til provinsstyresmaktene

Status for språkbruk

- Om lag 70 % av befolkninga i Fryslân forstår og snakkar frisisk godt (= 440.000)
- Under halvparten av befolkninga rapporterer å kunna lesa frisisk godt, og svært få seier dei kan skriva språket.

Beheersing van het Fries tussen 1969 en 2018 (Klinkenberg et al. 2018).

	Taalsurveys			Quickscans			Taalsurvey
	1969	1984	1995	2007	2011	2015	2018
Goed verstaan	90%	85%	85%	84%	84%	85%	89%
Goed spreken	77%	62%	61%	63%	64%	65%	69%
Goed lezen	44%	34%	34%	45%	48%	51%	58%
Goed schrijven	12%	2%	4%	9%	11%	14%	18%

Frisisk skriftspråk

- Majoriteten av frisiske språkbrukarar, har det altså som eit munnleg språk.
- Alle er tospråklege og kompetente i nederlandsk: Nederlandsk er *de facto* det viktigaste skriftspråket i Fryslân.
- Frisisk nyttar til dels ein annan ortografi med f.eks. diakritika på vokalar og anna (jf. nordsamisk vs. lulesamisk)
- I sosiale medium skriv mange likevel frisisk, også til dels «fritt fram», dvs. med nederlandsk ortografi (Jongbloed-Faber, 2021).

Frisisk i skulen

- Det er nærliggande å peika på skulen som ei viktig forklaring på kvifor lese- og skrivekunna i frisisk er heller låg.
- Det finst ingen reint frisiskspråklege skular eller klassar.
- Det finst eit *trespråkleg* opplæringsprogram med frisisk, nederlandsk og engelsk som skular kan velja å følgja: vektlegginga er altså på fleirspråklegheit som eit mål.
- Svært få elevar går ut av vidaregåande skule med den høgste eksamenen i frisisk (drygt 50 kvart år).
- Taalplan Frysk 2030 er no under utarbeiding og skal gi retninga for korleis frisisk skal styrkast på alle nivå i opplæringa.

Samanlikning med samiske og norske forhold

- I kva grad er det interessant/relevant å samanlikna frisisk med samisk?
 - + Det er ein anerkjent minoritet (i Nederland).
 - Språket er ikkje veldig ulikt majoritetsspråket
 - Språket er ikkje i minoritet i sitt heimeområde (Fryslân).
 - + Mange språkbrukarar er sterkare i å skriva og lesa majoritetsspråket.
 - Den samiske «kampen» er på eit heilt anna nivå.



Samanlikning med samiske og norske forhold

- I kva grad er det interessant/relevant å samanlikna frisisk med nynorsk?
 - Nynorskbrukarar er ikkje knytte til nokon minoritet.
 - + Nynorsk står nært majoritetsspråket bokmål
 - + Nynorsk er ikkje (sterkt) minorisert i eit visst geografisk område (Vestlandet).
 - + Mange nynorskbrukarar er sterkare i å skriva og lesa bokmål (jamvel om biletet er meir balansert enn for frisisk versus nederlandsk).



Prosjektet *Multilectal Literacy in Education*

- Undersøker effekten av å bruka/meistra to eller fleire nærstående skriftspråk.
- Hovudprosjektet tek føre seg den norske språksituasjonen (bokmål, nynorsk, dialektskriving)
- Nederlandske søsterprosjekt ser på frisisk og også limburgisk.



Nynorsk og samisk versus (vest)frisisk

- Nynorsk har ei solid stilling i det norske utdanningssystemet med sterke rettar for individ og lokalsamfunn.
- Også retten til samiskopplæring er sterkt utbygd i Noreg, og ein kan følgja ein sterk språkmodell (samisk som opplæringspråk – om enn i praksis berre nordsamisk).
- Også på andre område er nynorsk sterkt institusjonalisert: offentleg forvaltning, kulturinstitusjonar, forlag og litteraturproduksjon. Det same gjeld til ein viss grad samisk.
- For frisisk er skilnaden særleg slåande når det gjeld utdanningssystemet.

Tige tank!
Giitu mu ovddas!
Takk for meg!